



Bilete: Frå utgravinga på Todneset, Tysnes i Sunnhordland 1915. Lokalhistorisk arkiv Tysnes.

ER DET EIT GEOMANTISK MØNSTER I PLASSERINGA AV SAKRALE STADER?

EIN SAMTALE MED AASMUND SANDLAND

KNUT RAGE, 2017

På nyåret 2008 fekk eg ein epost frå ein mann i Tønsberg. Han ville ha nærare opplysningar om ymse stader på Tysnes. Dvs. slikt som hadde med forhistoria vår å gjera – stadnamn og heilage plassar frå langt tilbake i tid. Men det var ikkje alt. Sandland meinte at det fanst ein samanheng mellom desse stadene. Han spurde seg sjølv og oss andre om to ting: For det første, kvifor ligg desse heilage stadene der dei ligg? Me kan vanskeleg tenkja oss at det berre var på ein slump. Det må ha vore ein spesiell eigenskap ved ein stad som gjorde plassen til ein heilagdom. Og for det andre – fanst det ein samanheng mellom desse stadene, t.d. i form av plasseringa?

Etter kvart vart det skrive mange epostar. Me hadde mykje kontakt. Aasmund Sandland sendte meg skriftene sine – og andre skrifter. Artiklar og bøker som handla om stader med særigne kraftfelt. Alt saman var nytt for meg, måten Sandland og andre med han tenkte og såg på forhistoria vår – og litt etter litt vart eg også drege inn i denne tankegangen og tok til å sjå på forhistoria med deira auge, ikkje minst då eg i den same perioden fekk synet opp for det heilt spesielle solfenomenet ved vintersolkverv som me finn på Todneset, ved innseglinga til Våge på Tysnes i Sunnhordland.

Frå denne epost-utvekslinga vart det ein artikkel i Sogeskrift for Tysnes – årboka til Tysnes sogelag – i 2010. I det følgjande vert artikkelen attgjeve i sin heilskap, bortsett frå nokre tekstboksar med leksikalt innhald som er redigerte bort.

Aasmund Sandland døydde i 2013.

Arkeoastronomi og geomanti – nye omgrep

Aasmund Sandland frå Tønsberg er overtydd om at heilagdomane på øya Tysnes i Sunnhordland, som peikar seg ut med ein usedvanleg tett konsentrasjon av sakrale stadnamn, ikkje er plasserte på tilfeldig vis. Etter hans syn dannar dei bestemte geometriske mønstre. Det meiner Sandland at han lett kan bevise ved å streka opp liner mellom stader som Vevatnet, Todneset, Ve, Lundo, Hovland og Elsåker. I løpet av ei lang rekkje år har Sandland undersøkt avstandane mellom svært mange fortidsminne i Noreg.

Sandland tuftar undersøkingane sine på læra om *geomanti*. Og då kan me like godt byrja i den enden og spørja: kva er geomanti?

Det finst i hovudsak to definisjonar, eller bruksområde om ein vil: geomanti som energifelt i jorda, eller i bestemte område, og som ei bestemt innbyrdes plassering av t.d. stader for gudedyrking. Eller sagt på ein enklare måte: ein stad for gudedyrking, ei grav eller ein heilag lund, ligg der den ligg på grunn av energifelt i jorda og / eller fordi staden er meint å danna eit geometrisk mønster i høve til andre slike stader. Det som i første rekkje er av interesse for oss i denne samanhengen, er den innbyrdes *avstanden* og dei *geometriske mønstra* mellom dei heilage stadene.



På desse illustrasjonane ser ein tydeleg korleis sola flyttar seg langs Dallandsfjellet ved vintersolkverv for så å skina direkte over på Todneset på den andre sida av sundet, og ingen andre stader i bygda. Det er den einaste staden i Noreg forutan Gloppen i Sogn og Fjordane der eit slikt solkvervfenomen er registrert. (Etter foto fotografert av Svein Ove Agdestein.)

I dei seinare åra har såkalla arkeoastronomi etablert seg som ein seriøs vitenskap. Dvs. at bautasteinar, bygningskonstruksjonar og heilage stader generelt er plasserte etter sola, månen og stjernene sin gang over himmelen. Dette kan ein tydeleg sjå på stader som Stennes på Orknøyane og Callanish på Hebridane, for ikkje å snakka om Stonehenge i England, der steinane og vollane rundt dannar ein slags observatoriar. Eller stader som gravkammeret Maes Howe på Orknøyane, der sola skin direkte inn gjennom ein ti meter lang låg gang ved vintersolkverv, rett inn på bakveggen. På Tysnes har me omlag det same fenomenet – på Todneset ved innseglinga til Våge. Her finn me restane av ein bygningskonstruksjon som kan

ha vore eit gravkammer¹. Ved vintersolkverv 22. desember skin sola rett på plassen som den einaste staden i Tysnesbygda. Det er eit spektakulært fenomen og eit tydeleg vitnesbyrd om at gravkammeret ligg der det ligg eine og åleine på grunn av dette solfenomenet . Det er med andre ord plassert der av arkeoastronomiske grunnar. Så langt me kjenner til finst det berre ein annan stad i Noreg der me finn det same fenomenet – Gloppen i Sogn og Fjordane. Pussig nok finn me her stadnamnet *Tystad*, medan gravkammeret på Tysnes ligg på *Tysnes*-halvøya.

Det er altså ikkje tilfeldig kvar desse stadene ligg. På same vis, meiner Sandland, er det med alle heilage stader. Dei ligg der dei ligg av ganske bestemte årsaker.

Ein unik stad

- Tysnes, eller rettare sagt det gamle Njardarlog, er med sin tette konsentrasjon av gamle gudenamn ein unik stad i landet, slår Aasmund Sandland fast om og om igjen. - Det er kultområde nr. 1 i Hordaland.

Aasmund Sandland er som nemnd frå Tønsberg og har arbeidd med geomanti i ei årrekkje. På eige forlag har han gjeve ut boka "Hyperborea" (2001), og dei to hefta "Tolkning av bronsealdersymboler" (2004) og "Geomanti i Norge" (2007). Rimeleg nok har mykje av arbeidet hans vorte konsentrert om Austlandet, men i dei seinare åra har merksemda i høg grad vore retta mot det gamle Njardarlog.

Aasmund Sandland er fødd i 1925. Yrkesmessig har han jobba med alt anna enn historie. Dei siste 38 åra før han vart pensjonist har han vore tilsett ved økonomiavdelinga ved ein industribedrift. - Når ein har med noko så trivielt som pengar å gjera kvar einaste dag, treng ein noko ganske anna å sysla med i fritida, og for meg vart dette "noko" historie i alle nyansar, fortel Sandland sjølv. - Eg har lese utruleg mykje historie, det har heile tida vore den største interessa mi. Eg må vel nærast seia at eg er sjølv lært på dette området. Eg hadde lenge ei spesiell interesse for helleristingar, då særleg for alle symbola som er bevart i bergkunsten. Eg har funne fram til to hundre forskjellige slike symboler, eller grupper av symboler, og skrive om dei. Då eg for ein del år sidan kjende at eg ikkje kom lengre den vegen, gjekk eg over til emnet geomanti.

- Det finst mange definisjonar av omgrepet geomanti. Kva legg du i det, for din del?

- Eg går ut frå det faktum at dei gamle heidenske kultstadene ofte ikkje ligg tilfeldig spreidd over kulturbygdene, byrjar Sandland. - I staden ligg dei ofte meir samla i det eg kallar kultområde. Dei ligg oftast i trianglar, der alle tre sider kan vera like lange, men aldri mindre enn to like lange sider, medan den tredje sida kan variera i lengd. Eller kultstader kan også liggja langs ei rett line, som det eg kallar "Romerikslina", der lina går frå Ullern i Oslo til Ullern ved Skarnes, og på sin veg mot 40 gr. nordaust passerer den i tillegg tre Ull-kultstader.

- Korleis byrja du med dette?


¹ Området vart på ny undersøkt i 2013. Rapporten fra undersøkinga konkluderer med at den hyppig refererte horgen på Tysnes ikkje utan vidare lenger kan sjåast på som knytta til kultisk aktivitet i samband med namngjevne gudar og solsnufenomen. Spørsmålet om lokaliteten i røynda kan ha vore eit gravkammer (eller ei grav) står dermed ope. (Rapport ved Asle Bruen Olsen og Yvonne Dahl. Forminneseksjonen, UiB. 2015.)

- Det må vera omlag 25 år sidan no då eg første gongen oppdaga noko som etter kvart skulle bli byrjinga på mi interesse for geomanti. Eg sat og såg på eit kart over Vestfold i målestokken 1 : 80 000. No har eg gløymd kva det var eg såg etter. Kanskje det var eit stadnamn, særleg slike som har med norrøn mytologi å gjera. Medan eg sat slik og såg på området kring Gullhaug i Holmestrand-området fall blikket mitt på noko som fekk meg til å sperra opp augo. Eg såg plutsleg noko som undra meg, nemleg det eg no kallar eit kultområde som vart avgrensa av stadnamna Guåker, Gudum og Gurann. Eg oppdaga brått at desse stadene dannar eit triangel. Eg trekte opp triangelet med ein raud blyant. Det står der framleis, sjølv om kartet har vorte gammalt og slite etter kvart. Etter kvart oppdaga eg at det same fenomenet gjorde seg gjeldande andre stader også. Ikkje berre på Austlandet, men i heile landet.



Avisoppslag frå Tønsbergs Blad 2007, der Aasmund Sandland fortel om sine teoriar og undersøkingar av førkristne kultstader.

- Heilage stader er altså plasserte i eit bestemt innbyrdes geometrisk mønster?
- Ja, det er det eine. Men etter kvart oppdaga eg også noko anna. Nemleg at plasseringa av mange slike stader har med sola å gjera. Soldyrkinga stod sentralt for germanerane. Ei anna sak er at slike heilage stader ofte ligg konsentrert på bestemte områder. Eg har ofte fundert på korleis det kan ha seg at dei gamle ofte overlessa det eg kallar kultstader med sine heilage stader, i staden for å spreia dei jamnast mogleg ut over eit større område der folk budde. Ut frå det har eg danna meg den teorien at det må vera ut frå ønsket og vona om ein positiv synergieffekt. Den eine heilage staden kunne sola seg i glansen frå den andre, og etter kvart vart ein stad som t.d. Tysnesøy nærast heilag i sin heilskap for menneska i området. Det finst knapt ein einaste stad her i landet der omgrepet kultområde er meir på sin plass enn nettopp på Tysnesøy. Her finn me eit heilt arsenal av gamle kultnamn.
- Og då meiner du sikkert at sjølv det gamle namnet for Tysnes, Njardarlog, har med guden Njord å gjera?



I 2001 gav Aasmund Sandland ut boka Hyperboera, der han m.a. gjer greie for lengdemål etter den såkalla målestaven frå Borremose.

- Ja, det er opplagt, svarar Sandland. - Og det peikar tilbake til harudar-stamma. Njardarlog må ha vore sjølve favoritt-kultstaden deira. Det må vera ganske klårt at kultstadene i Njardarlog har trekt til seg menneske frå heile Hordaland. La oss tenkja oss at det var stor tilstrøyming av folk til visse tider av året, t.d. ved vårjamndøger, haustjamndøger og vintersolkverv, og at det vart heldt festar når våronna og haustonna var over, ja, då hadde desse menneska eit innkvarteringsproblem. Mange må ha kome så langt vekke frå at det var snakk om fleire overnattingar. Kanskje dei bygde sel til dette bruket, slik me finn det langs slepene over fjellovergangane.

Onarheim og Elsåker

- Viss me no ser for oss Tysnesøy, kan du forklara kva du har funne her?

- La oss byrja i sør, på Onarheim. Her finn du det meste, seier Sandland. – Ein gammal tingstad, setet for det vidkjende Onarheimsgildet, ei kristen soknekyrkje som sannsynlegvis ligg på ein førkristen kultplass, og til slutt Elsåker, som er eit uomtvisteleg kultnamn. Namnet har ikkje noko med ein åker å gjera.

Eg føyer til ein kommentar: Johannes Heggland nemner at namnet vert i dag uttala Ellsaker, men opphavelg har det vore lengre. Ein mellomlekk har falle ut, slik som i Ullsaker (Ullinsakr). Som opphavelg form har Egillsakr vore nemnd. Men med tanke på heilagdomen på Onarheim som denne staden nok kan ha lege under, har det vore peika på at namnet truleg kjem av det gammalnorske ordet *elgr*, som tyder vern, heilagdom. Dette ordet var gått or bruk alt i gammalnorsk, men det er eit eldgammalt samgermansk ord med rota *alh-* eller *alg-*, og tyder i gotisk og angelsaksisk ”tempel”. I norske stadnamn vert forma *elg-*, *elgjar-*, *elgi-*, samansett med endingar som *-vin*, *-tun*, *-setr*, *-akr* o.a. Her skal me mellom mange døme berre nemna Elgeseter ved Nidaros. Endinga *-akr* vart òg nytta i stadnamn knytt til heidensk gudsdyrking. Namnet Elgisakr på Onarheim ser ein rettast som eit vitnemål om den eldste gudsdyrking på våre kantar, like som det må vera rett å sjå det i samanheng med Onarheim. Så langt Johannes Heggland, i Tysnes-soga band 1.

- Ja, det er rett, samtykker Sandland. – Elsåker er eit uotvisteleg kultnamn. Det opphavlege namnet for Elsåker kan ha vore noko slikt som Elgjaråker, som ganske enkelt tyder ”heilag åker”. Ein åker som må ha vore vigd til ein heilag guddom. Det skal ikkje undra meg om det var Njord sjølv, ettersom det ikkje finst noko anna lokalt stadnamn, bortsett frå Njardarlog, som minner om sjølve jordgudinna.

For eigen del skyt eg inn at også namnet Onarheim kan peika tilbake på eit gudenamn og ein heilag stad. Her stør eg meg til Johannes Heggland, som skriv i Tysnes-soga at det sermerkte ved Onarheim er at me lyt tru at namnet ber i seg vitnemål om *den som staden vart vigd til*. Namnet må vera mellom våre eldste, meiner Heggland. I gamle kjelder er det òg tidleg nemnd, både på gammalnorsk og latin. Det siste leddet i namnet tyder *heimr*, bustad. Til endinga -heim er knytt mange heilagnamn kring i landet, men noko som tyder på bustad i form av ein bygning, kan me ikkje seia finst. Men når det siste leddet fortel om bustad, heim, må me spørja: Kven hadde bustaden sin her? Og ettersom vår heidenske kultus gjenspeglar seg i stadnamna våre, slik ikkje minst Magnus Olsen har synt gjennom tolkingane sine, må me sjå eit gudenamn i det første namneleddet, skriv Heggland. On kan då sjåast i samanheng med Odins namn. Men me finn òg eit gudenamn som ligg endå nærare. Det er Onarr, far til Jor, som etter den gammalnorske gudelæra var mor til guden Tor. Dersom Tysnes har fått Njardarlog-namnet ved ei innvandring, har øya hatt eit *opphaveleg namn* som måtte vika eller vart gløymt, og det sterke Onarheimsnamnet kan heilt eller delvis ha spela ei viss rolle. Det er i allfall sannsynleg å tru at det på Onarheim har vore ein kultstad i dei eldste tider då samfunnet voks fram. Denne kan ha femna vidare enn om Njardarlog. Det er nok ikkje på ein slump at Onarheim vart verande ein religiøs samlingsstad for store delar av Hordafylket til ut mellomalderen.

- Elsåker får vera utgangspunktet vårt, nikkar Sandland. - Som så ofte elles ser me at ein tingstad for verdsleg makt følgjer sakral makt. Dette området vart som kjend verande ein heilag stad frå kanskje i bronsealderen og fram i mellomalderen, då Onarheimsgildet låg her Herfrå dreg me vidare langs øybremmen, ca. 6000 m² mot nord-nordaust til Årbakka.

Årbakkka / Årbakkasanden

- Årbakka, det er eit ganske prosaisk stadnamn...

- Ja, det er ikkje noko gudenamn. Eg trur rett og slett det er fleirtal av å, altså fleire åer, eller bekker, som kjem ned frå fjellet i bakgrunnen. Men det er ikkje noko prosaisk over sjølve staden. Årbakka må ha vore det største feltet med gravminne på Tysnesøy. Det finst oppteikningar som fortel om eit tretti-tals gravminne. Men ettersom det finst mange stader på Tysnes med førkristne gravfelt og einskilde graver, må me spørja oss sjølve... kva er det som gjer Årbakkka så attraktivt? Kvifor er så mange gravlagt nett *her*?

- Staden ligg fint til ved sjøen...

- Ja, det gjer den, samtykkjer Sandland. – Staden ligg mot søraust. Men me må likevel spørja oss sjølve om det kan ha vore noko *meir* som var tiltrekkjande for dei gamle. Kan det t.d ha vore ein såkalla ”sterk” stad, som dei gamle har hatt evna til å kjenna?

- Dette må du forklara nærare.

² Avstandane er kontrollmålt opp mot Fonnakart. Sandland har runda dei av for å synleggjera sitt poeng, og det var vel heller ikkje evt. meininga at dei skulle stemma på "meteren".

- Det finst dei som er overtydde om at det finst telluriske energiliner, eller energi i jorda, om du vil. Og der dei kryssar kvarandre, vert energien særskild kraftig. Kanskje er Årbakka ein slik stad? Det finst ei eiga slags attraksjon, aura og tillokking på slike stader, ei eiga slags stemning.



Nils Hertzberg laga i 1829 denne akvarellen som gjev oss eit inntrykk av gravfeltet på Årbakka med bautasteinane. Opphavleg var det mange fleire steinar.

- Men det finst også ein annan grunn til at me stansar ved Årbakka, held Sandland fram. – Og det gjeld Meland-gardane som ligg litt lengre inne på ”bremmen”, dei vert også skrivne Mæland. Etter mi meining tyder namnet noko som ligg midt mellom noko. Difor kan det vera interessant å sjå kva som hender om me set passaren på Årbakka, stiller den inn slik at det andre ”passarbeinet” tangerer Onarheim/Elsåker, altså 6000 m vidde, og let passaren sveipa ein halv runde for å sjå kva som skjer.

- Og det har du sjølv sagt prøvd?

- Ja, då viser det seg at passaren tangerer dei to gardane ved Vevatnet, i sørenden av vatnet! Meland ligg altså midt mellom Onarheim/Elsåker og Vevatne-gardane. Og dermed er me framme ved Vevatnet.

Vevatnet

- *Ve-*, eller *vi-*, tyder rett og slett heilagdom, og eg føreset at Vevatnet som ein heilag stad er velkjend. Men korleis kunne det gå til at eit vatn vart erklært som heilag? Det finst nok av kjelder, så me får tru at det kan ha vore slik. Den romerske historikaren Tacitus fortalde for snart 2000 år sidan ganske inngående om dei germanske stammene som romarane støtte på i dei nordlege områda. I kultursoga for Tysnes siterer Johannes Heggland frå dette skriftet, *Germania*:

” På ei øy i storhavet er det ein heilag lund, og i den ei vigsle vogn, dekt med klede. Berre presten har lov til å røra vogna. Når han skjønar at gudinna er til stades i heilagdomen, let han ho køyra fram med kyr, og fylgjer med i djup vurnad. Då er det fest og glade dagar allstad som ho gjer den æra å koma på gjesting. Då går dei ikkje i krig eller lyfter våpen - kvart eit sverd er nedlæst. Berre i dette belet er fred og ro kjend og elska, til dess same presten fører gudinna attende til lunden når ho er mett av samværet med menneskja. Etterpå vert vogna, kleda og - om ein torer tru det - sjølve guddomen tvetta i eit avgøymt vatn. Trælar gjer arbeidet, og dei vert straks gløypete av vatnet. Derav kjem ei løyndomsfull redsle og heilag vankunna om kva det er som berre daudevigde menn får sjå..»



Vevatnet - det heilage vatnet. Enno den dag i dag kvilar det ei løyndomsfull stemning over staden. (Etter fotografi, fotografert av Øystein Lid.)

- Ja, Vevatnet har jo vorte peika ut som eit slikt vatn. For det må ha vore fleire slike. Også i Sverige og Danmark finn me slike "Tacitus-vatn". Men ikkje nok med det, kanskje me har hatt to slike vatn på Tysnes, Vevatnet og på flata nedanom Lundo på Myklestad, der rådhuset ligg i dag. I tidlegare tider var det eit stort vatn der. Og Lundo ser ut til å ha vore ein heilag stad. Det kjem me til sidan. Men fortsett no...
- Me kan kanskje konkludera med at på Vevatne-garden, det har vel berre vore *ein* urgard der, vart Njord eller Nerthus sitt gudebilete, også kalla stav eller stafr, oppbevart, meiner Sandland. – Så vart det teke fram ved passande høve, som Tacitus fortel om.
- Og om me no ser på avstandane att?
- Viss me trekkjer ei line tilbake til utgangspunktet Onarheim / Elsåker, ca. 11 000 m, sit me att med den vanlege konfigurasjonen... to like lange sider i triangelet, kvar på ca 6000 m, og 11 000 m i den tredje sida. Men i Njardarlog finst det ei rekkje andre kultnamn, og det merkelege er at også det neste triangelet har med Vevatnet å gjera. La oss kalla det

Vevatne II (Hovland – Vevatnet – Lunde)

- Medan me no er her ved Vevatnet, set me like godt passaren på det same målepunktet som før og let den gapa ca 3100 m mot sør-søraust, og då er me ved nok ein kultstad, nemleg ved Hovland, den gamle setegarden til Axel Mowat, forresten. Men Hovland kan ha vore ein viktig gard lenge før 1600-talet. Hov var noko som høyrde den førkristne tida til, men om det i så fall kan ha vore eit privat hov for garden Hovland, eller om Hovland kan ha vore ein kultstad for heile bygdelaget, det veit me ikkje noko om.
- Og om du dreier passaren den andre vegen, kjem me til Lunde?
- Ja, om me let passaren stå som før, med det same gapet, nemleg ca 3100 m, men no i nordleg retning, så er me ved Lunde-gardane. Det må også ha vore ein viktig stad, som har gjeve namn til Lundavågen, Lundaneset og Lundekammen. Eg reknar med at det ikkje er ein tilfeldig treklynge som har gjeve namn til staden. Det dreier seg sikkert om ein heilag lund, så namnet

kan gå tilbake til dei eldste tider. Den mest opphavlege gudsdyrkinga gjekk som du veit føre seg i lunder og ved heilage tre, før både horg og hov kom til. Dermed får me følgjande konfigurasjon: Vevatne – Hovland ca 3100 m. Vevatne – Lunde ca 3100 m. Lunde – Hovland ca 6000 m. Som du ser får me nok ein gong ein sær sars vid vinkel, ettersom dei tre målepunkta langt på veg ligg langs ei rett line, men altså ikkje heilt. Men framleis er det ikkje slutt på kultstadene i Njardarlog, det som står att er ikkje mindre interessant. Me skal til


Tysnes – Tysnesvika - Ve

- Her må eg gjera deg merksam på eit par ting. Ve-gardane tvers over frå Tysnes, desse gardane har ingenting med Vevatnet å gjera! held Sandland fram. – Dessutan må eg nemna ei anna sak, og her byggjer eg på Johannes Heggland, som skriv i Tysnes-soga at alle ”Njardarlogskyrkjene tykkjest ha vorte reiste på gamle kultstader”. Som kjent låg det i si tid ei kyrkje ute på Tysneset. Her finst det spor etter eit merkeleg anlegg like ved, frå førkristen tid. Den noverande kyrkja ligg inne i botnen av vågen, med Gjerstad-garden like ved. Her har det vore ein buplass heilt frå steinalderen.

- Ja, utgravingane som vart utførte for eit par år sidan, i samband med utvidinga av gravplassen, viser at det faktisk kan dreia seg om ein av dei aller eldste gardane me kjenner til i Hordaland.

- Då kan me kanskje ta staden med når me let passaren gapa over kartet att, seier Sandland. - Frå den førkristne gravplassen på Todneset og inn til den noverande kyrkjestaden er det 1250 m. Og frå same utgangspunktet, altså den noverande kyrkjestaden, til Ve er det også 1250 m. Og frå Ve til Todneset er det 1250 m. Me får altså ein likesida trekant.

- Det er ganske pussig.



Frå Todneset til den noverande kyrkjestaden på Gjerstad er det 1250 m. Frå den noverande kyrkjestaden til Ve er det også 1250 m. Og frå Ve til Todneset er det 1250 m. Me får altså ein likesida trekant, hevdar Aasmund Sandland. (Fonnakart)

- Og kanskje ikkje tilfeldig? Me må heller ikkje gløyma at det framleis finst eit heilt arsenal av stadnamn som tyder på gudedyrking, eg nemner Helgastein og Godøy på nordsida av øya, og på sørvest-sida har me Helland. I følgje Magnus Olsen kan forstavinga i dette namnet kome av


anten *heilagr* eller mannsnamnet Helgi. Det rare er at det på denne staden finst ein plass som heiter Tempelhaugen.

- Hm. Me er langt frå ferdige enno, men om me skal prøva oss på ei førebels konklusjon?

- Ja, seier Aasmund Sandland. – Under alle omstende meiner eg det er godt gjort at Njardarlog må ha vore harudane sitt fremste kultområde, og at dei ymse kultstadene ofte ligg i eit bestemt mønster til kvarandre. Det kan ikkje bero på ein slump, tvert om må det liggja ein hensikt og menneskeleg fornuft bak.

Dette ”noko”

- La oss snakka litt om det førhistoriske anlegget på Todneset. Som du kjenner til oppdaga teknisk konservator ved Bergen Museum Svein Ove Agdestein ved eit tilfelle at sola skin direkte på lokaliteten ved vintersolkverv 22. desember, som den einaste staden i heile Tysnes-bygda. Oppdaginga vart dokumentert ved både fotografering og målingar. Seinare har m.a. underteikna vore med på å setja fenomenet på kartet. Så langt me kjenner til finst det berre ein annan slik stad her i landet, ein gravhaug i Gloppen i Sogn og Fjordane. Pussig nok finn me stadnamnet Tystad der. I Storbritannia og Danmark er fenomenet velkjent. Du har gjort deg nokre tankar om Todneset?



Strekningane i luftline mellom Onarheim, Vevatnet og Lundo på Myklestad utgjer ein likesida trekant med ca. 10.3 km i luftline for kvar side. (Fonna kart)

- Ja, det stemmer, men då må me først ta ein liten omveg. I boka mi ”Hyperborea” skriv eg om det me må kalla dei gamle sine målesystemer.

- Det stemmer. Dei brukte neppe å måla i meter?

- Nei. I det området som i dag vert kalla Danmark er det konstatert bruken av eit lengdemål som tilsvarar 1.32 m. Det går under namnet *Borremose-alen*, eller på tysk *Borremose Elle*. Forkorta anten som BA eller BE. Eg har såleis notert meg at anlegget på Todneset er målt til 2.7 x 2.7 m. Det blir mest nøyaktig 2 x 2 BA eller BE. Eg meiner ikkje at det beviser noko som helst, men eg ser på det som eit indisium. Eg har notert meg at dette målet går att i dusinvis av tilfelle, t.d. husgrunner.

- Så har me noko som vert kalla ein megalittisk yard?

- Ja, ein megalittisk yard, eller til vanleg berre kalla YA, tilsvarar 0.83 m. Me finn det i mange byggverk frå oldtida. Og tenk deg, nokon må jo ha sørja for at målet $BE = 1.32$ m og $MY = 0.83$ m ikkje har endra seg over tid. Alt tyder på eit mykje meir organisert samfunn enn me i dag tenkjer oss.

- Du har også nemnd dette med kult-kontinuitet?

- Ja, det ser ut til å ha vore ein kontinuitet ved slike stader som har heldt seg opp gjennom dei ulike tidsaldrene, heilt fram i norrøn tid, gjennom både bronsealder og jernalder.

- Du har vore oppteken av det me kan kalla energifelt i jorda, og at det kan vera ein årsak til plasseringa av kultstader?

- I første rekkje har eg vore oppteken av avstandar og plassering. I heftet mitt "Geomanti i Norge" skriv eg om Årbakka og at det må ha vore eit eller anna ved eit slikt gravfelt som har verka tiltrekkjande på dei gamle. Etter å ha undersøkt meir enn tjue slike geomantiske kultområde kringom i Noreg er eg overtydd om, for å seia det mildt, at det må liggja "noko" bak. Det tyder at menneska i gammal tid må ha kjend seg tiltrekt av noko i bakken eller i grunnen til landskapet, og at dei meinte at dette "noko" utløyste visse krefter. Min teori er at dei må ha hatt eit ønskje og eit håp om ein positiv synergieffekt, at den eine heilage staden kunne sola seg i glansen frå den andre, slik at heile Tysnesøy vart nærast heilag for menneska i området, dvs. det noverande Sunnhordland, t.d.

- Johannes Heggland har vore inne på noko av dei same tankane. Han seier at det ser ut til å ha vore ein relativt liten busetnad her i bronsealderen, eller i det minste på delar av øya, og at det kan skuldast at Njardarlog ikkje var ein vanleg stad, men eit kultisk område. Særleg på Onarheimsida er det som du sjølv nemner mest ikkje gjort funn i det heile. Kanskje det skuldast at det rett og slett ikkje budde folk her, at staden utelukkande var vigd til gudedyrking? Elles ser me jo at tyngdepunktet for heilage stader, frå Lundo til Vevatnet, Godøy og Todneset, ligg på nordsida av øya.

- Ein annan ting, held eg fram, - som eg først oppdaga for nokre få år sidan, er den felles kulturen i bronsealderen. Me tenkjer oss gjerne samfunna som relativt isolerte. Det kan dei ikkje ha vore. Me finn dei same symbola og den same kulturen like gjerne på Tysnes som i Danmark og på Hebridane.

- Ja, dei var langtfrå så primitive og enkle som me gjerne vil tru. Tenk på det kompliserte arbeidet og planlegginga som ligg bak anlegg som Stonehenge, der steinblokker vart frakta heilt frå Wales. I boka "Hyperborea" har eg gjort greie for korleis hyperborearane³ allereie i den tidsperioden me kallar bondesteinalderen (neolitikum) må ha greidd å rekna ut omkrinsen på jorda ganske nøyaktig. Det kan dei ha gjort ved skuggjemålingar på fleire stader samstundes. Eratosthenes nytta seg av den same metoden eit par tusen år seinare. Menneska har veldig lenge interessert seg for jorda sine mål og for geometri.

³ Hyperborearar = etter gammal gresk folketro, "dei som bur langt mot nord", der folk levde lukkeleg under ei evig sol (midnattsola?) og var guden Apollon sitt utvalde folk



Offersteinen i Lundo på Myklestad i Uggdal. Det er godt mogleg at denne staden har danna eit av dei viktigaste "tyngdepunkta" som offerstad i det gamle Njardarlog. (Etter fotografi, fotografert av Knut Rage.)

- Ei opplagt sak er at menneska den gongen trass i alt må ha hatt både tid og overskot til å byggja slike enorme anlegg som t.d. Stonehenge i England, reisa bautasteinene på Årbakka og laga prosesjonsvegen i Uggdalsdalen, byggja gravkammeret på Todneset osv. Sjølv om arbeidskrafta kan ha vore trellar vitnar det om overskot, organisering, samarbeid og kulturutveksling, kanskje over lange avstander. Det var først då eg opplevde å krabba inn i gravkammeret på Maes Howe på Orknøyane at eg tok til å skjønna kva det førhistoriske anlegget på Todneset eigentleg dreidde seg om. Er du ikkje samd?


- Uansett viser dei geometriske mønstra at det er snakk om t.d. like lange sider i ein trekant. Det er ein god ide å sjå om nokre av avstandene kan passa med runde tal av BE, 132 cm.

- Men kva trur du tanken kunne vera med å plassera desse stadene i eit bestemt mønster?

- Ja, den som kunne svara sikkert på det! Førebels ser eg ikkje stort andre føremål enn å skapa harmoni. Dei fleste vil jo vera samde i at eit triangel med to eller til og med tre like lange sider er meir harmonisk enn om alt låg hulter til bulter. Eg trur det er ganske grunnleggjande at menneska ikkje likar kaos, det er berre å sjå på byggelina langs ei gate i dag... Men harmoni er neppe heile forklaringa.

Det er inga tvil om at Aasmund Sandland presenterer spanande tankar i arbeidet sitt. Geomanti er framleis ein disiplin i startgropa, medan arkeoastronomi i dag er i ferd med å etablera seg som ein eigen vitskap verda over. Arkeologi i streng forstand handlar først og fremst om handfaste prov frå ei fjern fortid, medan resten er overlate til spekulasjonar. Men også spekulasjonar er verdfulle i freistnadene på å forstå fortida. Mykje av vår oppfatning av tilværet i gammal tid, som t.d. religiøs praksis og gravskikker, byggjer på spekulasjonar ut frå konkrete

funn. Sandland gjer nett det same. Han observerer, først og fremst – konklusjonar *kan* me sjølvsagt trekkja, men enn så lenge er det berre observasjonar. Gode og vonleg rette observasjonar.



På kartet er det teikna inn rette strekar mellom dei ulike stadene på Tysnes som på ymse vis har hatt, eller kan ha hatt, med heidensk gudedyrking å gjera. Her finn ein t.d. trekantar med grovt rekna to like sider på strekningane Lundo - Vevatnet - Godøy og Lundo - Odneheim - Godøy. (Kartet som er brukt er teikna av Gerhard Stoltz.)